

Fastsetting av fellingsavgift i forskrift**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Simon Åsheim	Arkivsak: 26/379
E-post: postmottak@haram.kommune.no	Journalpost: 26/3167

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
002/26	Viltnemda	26.02.2026

002/26 - Viltnemda**Vedtak**

Haram kommune lagar ein endringsforskrift der fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets budsjettvedtak. Endringsforskrifta vil tre i kraft når viltressurslova trer i kraft. Haram kommune videreførar ordning med støtte frå viltfondet til drift av vald med bestandsplan etter tidligere praksis. 50kr per kalv og 100kr per vaksne hjort.

Grunngjeving; Haram kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

Behandling:

Spørsmål om habilitet, foreslått av Geir Ove Grønli, Framstegspartiet

Stiller spørsmål om habilitet då han er leiar og jeger i midtre Haram storvald

Endringsforslag, foreslått av Norvald Helge Lausund, Framstegspartiet

Haram kommune lagar ein endringsforskrift der fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets budsjettvedtak. Endringsforskrifta vil tre i kraft når viltressurslova trer i kraft. Haram kommune videreførar ordning med støtte frå viltfondet til drift av vald med bestandsplan etter tidligere praksis. 50kr per kalv og 100kr per vaksne hjort.

Votering:

Det vart votert over habilitetsspørsmål. Geir Ove Grønli blir med under votering.

Geir Ove Grønli samrøystes vedtatt ikke innhabil.

Endringsforslaget frå Norvald Helge Lausund (FRP) samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Vedtak:

Haram kommune lagar ein endringsforskrift der fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets budsjettvedtak. Endringsforskrifta vil tre i kraft når viltressurslova trer i kraft. Endringsforskrifta skal ut på høyring med høyringsfrist 10.03.2026.

Grunngjeving; Haram kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Saksgang:

Forslag til høyring går til Viltnemda i Haram kommune.

Samandrag:

Ny viltressurslov trer i kraft 01.07.2026. Viltressurslova pålegg kommunar som har fellingsavgift på hjort å forskriftsfeste det. Det vil være ryddigast å ha det i same forskrift som minsteareal og opning for jakt.

Saksopplysningar:

Ny viltressurslov trer i kraft 01.07.2026. Viltressurslova pålegg kommunar som har opna opp for jakt på elg og hjort å forskriftsfeste fellingsavgifta.

Haram kommune har vedtatt fellingsavgift i handlings-og økonomiplan 2025 – 2028 til å følgje maksimalt vederlag satt av Stortingets budsjettvedtak.

Det har vert ein praksis at vald med bestandsplan har mindre fellingsavgift på hjort. 100kr mindre enn maksimalt vederlag på vaksen hjort og 50 kr mindre enn maksimalt vederlag på kalv av hjort. Formålet med den rabattordninga var at vald med bestandsplan skulle få støtte til leie av lokale for årsmøte, kursing og kunnskapsheving.

Vald utan bestandsplan har betalt maksimalt vederlag satt av Stortingets budsjettvedtak.

Fellingsavgifta går til kommunen sitt viltfond som regulerast av forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Formålet med kommunale viltfond er å skape økonomisk bakgrunn for å fremme viltforvaltninga i kommune og fylkeskommune.

Per i dag går alt frå viltfondet til å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i Haram kommune.

Vurderingar:

Ny viltlov (Viltressurslova) trer i kraft 01.07.2026. Den pålegg kommunar å ha fellingsavgifta forskriftsfesta. Ein anbefaling frå landbruksdirektoratet er å ha fellingsavgifta i same forskrift

som opning for jakt på hjort og minsteareal slik at det er enkelt for jegerar å finne fellingsavgifta.

Det at vald med bestandsplan har fått betale mindre fellingsavgift har vore ein praksis over lengre tid. Då det blei bestemt var utgiftene lave for ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen. Det var da bra med pengar på viltfondet og det ble vurdert som ein god løysning.

Nå har utgiftane på fallviltarbeid økt og ein vurderar det til at det ikkje er overskudd i viltfondet til at vald med bestandsplan kan få rabatt. For dei valda som mister denne rabatten så finst det andre løysningar for å få midlar. Vald med og utan bestandsplan har høve til å søkje fylkeskommunale midlar til gjennomføring av tiltak som fremmer viltforvaltninga. Fordi vald framleis vil ha tilgang til eksterne midlar som kan dekke kostnader knytt til kursing, viltseminar mm. for vald, vert det vurdert som rimeleg at alle vald betalar fellingsavgift etter maksimal sats.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Kommunen vil få meir pengar inn til viltfondet som vil være med å betale for utgiftene knytt til fallviltarbeid.

Konklusjon med grunngiving:

Haram kommune lagar ein endringsforskrift der fellingsavgifta for hjort skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets budsjettvedtak.

Haram kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26. Med høgare kostnader knytt til fallvilt og at det finst fylkeskommunale midlar ein kan søke om så bør alle vald med og utan bestandsplan betale fellingsavgift satt av Stortingets budsjettvedtak.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør